

Årsmelding 2021

Landro sokn



DEN NORSKE KYRKJA
Landro sokn

LANDRO SOKNERÅD



**Tove Karin Lyngsmo
Angeltveit**

Soknerådsleiar

Helsing frå soknerådsleiaren

Kyrja er ein stad for fellesskap. Både små og større fellesskap har utspring frå kyrkja vår.

Det er kor for barn og unge, Landroklubb for ungdommane våre, føremiddagstrekk for eldre, onsdagssamlingar for vaksne og

fleire andre møtepunkt. Sjølv om pandemien har prega også dette året, ser vi at fellesskapet er viktig for oss. No ber vi om og vonar at fellesskapet snart kan fyllast igjen, både av dei som har hatt behov for å halda seg heima i denne tida, og andre som ønsker å vera ein del av eit fellesskap. Vi trenger kvarandre. Helsar dykk med 1.Korinter 12.12-26

Landro sokneråd har vore samansett på følgjande måte:

- Bjarte Nese (sokneprest)
- Tove Karin Angeltveit (leiar)
- Kjersti Angeltveit (nestleiar)
- Dag Olav Bjorøy
- Sven Bech-Sørensen
- Kjersti Berland
- Heidi Ødegård Vik
- Arne Lie (1. vara)
- Hilde Heggholmen (vara)
- Maryam Veisi (vara)
- Helga Ellingsen (vara)

Arbeidsutvalget er sammensatt av sokneprest, leiar og nestleiar.

Alle vararepresentantar får innkalling. Første vara stiller fast på alle møta.

I Fellesrådet for Landro sokn sit Dag Olav Bjorøy.

Dag Olav Bjorøy, Kjersti Angeltveit og Rune Lynglund sit i komite for onsdagsmøtene.

Misjonskontakt er Alvhild Vassel Eide.

Dag Olav Bjorøy er vår kontaktperson for Kirkens Nødhjelp.

Soknerådet har i år hatt 11 møter, og behandla 67 saker.

Høringsuttale angående kyrkjeleg organisering har vore ei stor og omfattande sak dette året. Av andre saker kan nemnast at rådet har hatt ei gjennomgang av vedlikehald og oppjusteringsbehov i kyrkja. Vi har arbeidd med lokal grunnordning for gudstenesteliturgi, gått gjennom premissane for gjevartenesta og fornya misjonsavtalen med NMS. Soknerådet er blitt kjent med og godkjent den nye trusopplærings-planen, og fått informasjon om og gitt innspel til det diakonale prosjektet; kalt «Vekst», som skal starta opp i løpet av våren 2022. Elles har det vore dei gjennomgåande sakene om rekneskap, budsjett, program, gudsteneste- og offerlister m.m.

Landro sokn sin misjonsavtale med NMS har fått inn rundt kr. 20.000 i offer dette året.

På gjevartenesta, som går til arbeidet blant barn, unge og familiar, er det i år kommt inn rundt 38.000 kr. Vi er takksame for alle som støttar det viktige barne- og ungdomsarbeidet i kyrkja.

Les meir om gjevartenesta på www.kyrkja.no/landro

Soknerådet har i år arrangert trusopplæringskurs for vaksne. Ei eiga prosjektgruppe førebudde kurset. Over 6 kveldar vart sentrale sider ved kristendommen belyst, gjennom foredrag og gruppesamtalar.

Kyrkjelyden har også etablert ei bønnegruppe, som finn stad kvar tysdag kl. 20.00. Deltakarane møtest ikkje fysisk, men sit på kvar sin stad.

Vidare vart det arrangert fleire onsdagsmøter og tacofredagar i kyrkja. Ungdomsklubb og formiddagstrekk fann også stad når smitteverntiltak ikkje stoppa det. Dessutan fekk ein til ein songkveld i kyrkja den 27. oktober. Før jul rakk ein akkurat å arrangere «Vi syng jula inn», og konserten «Vår jul», før nedstenginga.

Det blei arrangert soknemøte våren 2021, der lokal grunnordning for gudstenesteliturgien, open barnehage og årsmelding 2020 stod på sakslista.

Gjennom delar av 2021 har ein ikkje kunna arrangere opne gudstenester i kyrkja. (Blant anna påsken) I ein

periode var det heller ikkje lov å samle meir enn 10 deltakarar. 45 barn og unge er blitt døypte. Fleire av dei på eigne dåpsgudstenester. Det var det 54 konfirmantar. Det vart arrangert 53 søndagsgudstenester i 2021. Det vart ikkje høve til gudstenester med skulane. Men fleire av barnehagane i soknet var i kyrkja for påske og julevandringar.

Også i år blei godhetsaksjonen gjennomført, og frivillige frå kyrkjelyden var med på både husvask og hagearbeid. Talet på påmeldte mottakarar syner at behovet for å spreie godhet er stort. Og «betalinga» kjem i form av strålande fornøgde og glade mottakarar!

1. mars flytta KFUK-KFUM Øygarden Open barnehage inn i kyrkja sine lokaler. Open barnehage er eit pedagogisk tilbod til, og ein god møteplass for barn og foreldre/

omsorgspersoner. Tilbodet er for barn under skulealder ifølgje med omsorgsperson. Barnehagen har ope 3 dagar i veka, og har i tillegg babysang i kyrkjerommet onsdagar.

Det er spennande å sjå at kyrkja blir brukt meir, og vi vonar det kan få gode ringverknader for anna arbeid i kyrkjelyden.

Diakoni

Treffa vart gjennomført i den grad pandemireglane gav høve til det. I løpet av hausten vart eit nytt prosjekt gjort mogleg og vart planlagt. VEKST. Vi vonar prosjektet vil make å skapa møteplassar i og rundt kyrkja for fleire enn dei som brukar kyrkja no. Når vi i 2022 får tilsett diakon i 50%, ser vi fram til at diakonien kan verte ein katalysator for vekst i kyrkjelyden.





ÅRSMELDING FRÅ SOKNEPRESTEN



Bjarte Nese
Sokneprest

Året begynte med fleire avlyste gudstenester grunna smittevern. I ei tid der det var vanskeleg å drive kyrkjelyd slik ein er vand med, er det likevel noko trøyst å hente i alt ein faktisk har fått til gjennom 2021. I løpet av våren skjedde det ei gradvis opning, før ein i juni kunne arrangere gudstenester

og andre arrangement (som onsdagsmøte) tilnærma normalt – men innanfor gitte nasjonale og lokale retningslinjer. Slik vart det mogleg å avvikle konfirmasjon i september.

Etter kvart på hausten skjedde det innstrammingar i takt med auka smitte. Det vart ikkje høve til noko form for kyrkjekaffi. Og ved juletider, var det høve til å samle 50 menneske til gudstenester. Dei stadige endringane i smitteverntiltaka har vore krevjande for kyrkjelyden. Samtidig har smittesituasjonen ved fleire høve gjort at menneske har halde seg heime, og ikkje komme til samlingar i kyrkja, sjølvom det har vore opning for det.

Slik har heller ikkje 2021 vore eit enkelt år for kyrkjelyden som fellesskap. Kyrkjekaffi og fleire sosiale treffpunkt har blitt vanskelege å gjennomføre. Digitale produksjonar har funne stad gjennom året. Gjennom våren vart det sendt digitale gudstenester mange av søndagane. Men dette skjedde i samarbeid med dei andre kyrkjelydane i kommunen. 2 gudstenester vart produsert digitalt i Landro kyrkje, blant anna Palmesøndagsgudsteneste med

barnekoret. Vidare har det vorte direktestrømme fleire gudstenester. Vidare har det blitt publisert fleire mindre «snuttar» og «forteljningar».

Dei siste åra har oppmøte på gudstenester vore ganske stabilt. I 2019 var frammøtetalet på totalt 64 gudstenester 6317. Av desse var det 45 gudstenester på søndag og helgedagar med eit frammøte på 4297. I 2021 vart det arrangert totalt 66 gudstenester med eit frammøte på 3014. Av desse var 53 gudstenester på søndag og helgedagar, med eit totalt frammøte på 2397.


45 barn vart døypt og 54 ungdommar vart konfirmert. (2020: 29 døypte og 45 konfirmerte) Det vart halde 25 gravferder/bisetjingar. 3 vigslar fant stad i 2021.

Mange av av dåpsbarna vart døypte i egne dåpsgudstenester utanom høgmesse. Dette vart stort sett gjort enkeltvis, i periodar med berre 10 personar til stades. Dette førte til at sjølvom det var fleire avlyste offentlege gudstenester, så vart det arrangert fleire dåpsgudstenester slik at talet på gudstenester likevel vart ganske høgt. Men frammøtet på gudstenester totalt ligg i underkant av det halve av kva som er vanleg i Landro.

Slik kan det verke som om at fleire av dei kyrkjelege handlingane i kyrkjelyden statistisk sett verkar til å vere mindre ramma av pandemien enn dei andre arrangementa. Det er nok først og fremst som sosialt treffpunkt at 2021 vore vanskeleg for kyrkjelyden. Vi ser difor fram mot ei opning av samfunnet.



STATISTIKK

GUDSTENESTEFRAMMØTE I LANDRO KYRKJE



(Covid-19 påverka tala for 2020 og 2021)

TAL DØYPTE



ÅRSMELDING FRÅ BARN OG UNGE

Takksame, tenande og frimodige medarbeidarar i seksjon for barn og unge ser tilbake på fjoråret:

I arbeidet blant barn, unge og familier er vi takksame for:

- Alle gode møte med små og store menneske!
- Inspirerande samarbeid med mange frivillige medarbeidarar og med kvarandre!
- At trusopplæringsplanen vart fornya og revidert i 2021 (vedteken av Landro sokneråd våren 2021). Vi gler oss til å fokusere vidare på satsingsområda framover: 0-5 år, Tru i heimen, frivilligheit og heilskapleg gudsteneste-arbeid som famnar alle generasjonar.

I tenesta og kvardagen har det vore mykje arbeid og organisering med alternative planar. Mange telefonar, meldingar og teams-møte, sidan det har vore mykje heimekontor. Litt for lite tid til arbeidsfelleskap og for mykje stress. Noko av stresset i fjor haust er forbundet

med at litt for mykje skulle "takast att" for å gi tilbod til dei som fekk avlyst sine tiltak våren 2021.

Vi har hatt frimod til å formidle bibelfortellingane og til å gi det aller beste vi har vidare til barna, ungdomane og familiane!

Frå T-dagen og anna arbeid blant barn og unge:

- T-dagar(trusopplæringsdagane): Alle T-dagar vart gjennomførte i 2021! Nokre T-dagar som ikkje vart gjennomført i 2020, vart tekne att og arrangerte i 2021. Dei har anten vore gjennomført slik planen tilseier, eller på alternative kreative vis. T-dagen er eit felles trusopplæringsprogram 0 – 18 år for dei tre sokna Landro, Fjell og Foldnes sokn.
- Konfirmantåret 2021: 62 ungdommar (87 % av kullet) frå soknet vart konfirmerte i kyrkja (53 av dei blei konfirmert i Landro kyrkje, dei andre i andre sokn). Det vart fine og høgtidelege haustkonfirmasjonar! Ved den



digitale Fasteaksjonen i 2021 kom det inn kr 32 801,-.

- Søndagsskule: Me har ikkje hatt søndagsskule under pandemien.
- Barne – og tweenskoret: Masse aktivitet her! Sjå årsmelding for kyrkjemusikk.
- Landroklubben: Har hatt 10 klubbkveldar med i snitt 10 deltakarar. Dei fleste deltakarane er i konfirmantar.
- FUNK står for Felles UNgdomsarbeid i Kyrkja, og har felles tilbod for alle ungdomar i Landro, Fjell og Foldnes sokn; Ungdomslørdag, Tensing, KRIK, bibelgrupper, tweensklubb, Lillelørdag, Landroklubb, Adventsfest, Sommarfest, turar og leiarkurs er noko av tilbodet som ligg under FUNK.


Frå samarbeidet med skulane og barnehagane:

- Dei to årlege møtepunkta med representantar frå skulane i kommunen, SKU (Skule-Kyrkje-Utvalet), vart

gjennomført, eit fysisk og eit digitalt møte.

- Zippyvandringar, kyrkjegardsbesøk for 2.klassane, alle gjennomførte.
- Vi fekk ikkje gjennomføre kyrkjevandringar for 3. klassingane i januar 2021, difor kom dei tilbake då dei var 4. klassingar november 2021.
- I år vart det ikkje kurs i «Vandring gjennom Bibelen» for femteklassingane i soknet.
- Påskevandring for barnehagane: Vi hadde 4 barnehagegrupper i soknet som kom til påskevandring i kyrkja. Vi vandra gjennom påskedagane saman, med eit flott opplegg med vakker musikk, palmeblad, fotvasking, blomar, lys og engasjerte born og vaksne.
- Julevandring for barnehagar: Vi hadde 4 barnehagegrupper i soknet på julevandring i november/desember. Barn og vaksne vandra saman mot Betlehem og Jesu fødsel, i kvar sine roller.
- Adventgudstenester for skulane: Ingen av skulane kom til kyrkja på grunn av smittesituasjonen i desember







ÅRSMELDING FRÅ KANTOR



Eline Olsen

Kantor

Året 2021 var som året 2020 prega av koronapandemien, der fleire aktivitetar blei avlyst utover vårhalvåret. Ein del av gudstenestene blei erstatta med opptak, eller livestreama. I barne- og tweenskorret heldt vi likevel fram med øvingar kvar einaste uke.

Maria Arredondo, Torstein Sødal, Gaute Ormåsen og Inger Lise Rypdal – med kapellmester Øystein Lund Olafsen og anna crew. Landro tweens og gospelteens, med Olaug Rong, Eline Olsen, og andre korleiarar frå Gospelteens.

- 12.12: Vi syng jula inn. Medverkande: Landro barne- og tweenskor, Thea Sofie Garlid, og Landro songkoktett + ein. Band Eline Olsen, Thomas Lossius, Knut-Erling Gammelsæther. Andakt: Maria Wergeland. Lyd: Håvard Bredholdt.
- 17.12: Intern-konsert med Fjell kulturskule ved Berta Myklemyr blei haldt som planlagt.

Konsertar som blei haldne 2021:

- 21.03: Jazz-gudsteneste. Både konsert og gudsteneste. Besetninga vart redusert til 5 av 7 aktørar. Ein del omskriving av notar for organisten, men vi klarte å dra gudstenesta i land på ein fin måte.
- 25.05: Barnekor-avslutning med Landro barne- og tweenskor i Fjell kyrkje
- 27.10: Song- og musikk-kveld med songkoret Telos og dirigent/pianist Rangvald Ree. Band: Eline Olsen, Erlend Gjøn, Knut-Erling Gammelsæther. Instrumental-solist: Rune Landro (sax) Lyd: Håvard Urhaug Forsongarar: Bodil Lee Øksnes Espedahl, Esther Einarsen. Andaktshaldar: Bjarte Nese. Møteleiar: Rune Lynglund.
- 05.12: Julekonsert med «Vår Jul», Gospelteens og Landro tweens. Medverkande: Christian Ingebrigtsen,

Konsertar i kyrkja som gjekk ut grunna smittesituasjonen i 2021 :

- «Lina Sandell i ord og tonar. Songkveld med allsong» med Borgny Navestad og Annvor Greibesland
- 22.05: Velgjerningskonsert, «Tru, håp og kjærleik» Arrangør: Mama Childrens Center of Norway.
- 14.06: Intern-konsert med Fjell kulturskule ved Berta Myklemyr
- 13.12: Konsert med det nyoppstarta koret «Havbris» på Ågotnes



Gudstenester

Musikkarbeidet i gudstenesta følger vanlegvis ein mal der ein legg vekt på eit variert musikalsk uttrykk, med bruk av både orgel, piano, nokre gongar band og blåsarar, og med forsongarar på dei fleste av gudstenestene. Ved opptak og strøymingar nyttast mest piano og forsongarar, nokre gongar også bass og blåsarar.

Vi har i 2021 hatt musikkinnslag i gudstenester og konserter med følgjande musikalske aktørar:

- Landro barne- og tweenskor: opptak av palmesøndags-gudsteneste 28. mars, T4-gudsteneste den 12. september, Hausttakkefest den 24. oktober, og på første søndag i advent 28. desember.
- Tweens-forsongarar: Amelie Torp Lombard, Anna Ødegård Vik, Ronja Sørheim Sekkingstad. Var med som dirigentar på tre gudstenester, og på livestreaming av ein fastelavngudsteneste 14. februar 2021.
- Landro songoktett +ein, (9 koristar): Laila Linde Lossius, Kristine Angeltveit, Anita Leganger, Bodil Lee Øksnes Espedahl, Esther Einarsen, Eivind Kausland Lie, Lars Erik Lotsberg, Øyvind Heggholmen, Jarl Heggernes. Songarane frå dette koret er også ofte forsangere i gudstenestene.
- Ungdomsforsongarar: Elisabeth Breistein Leganger, Thea Sofie Garlid.
- Blåsarar: Rune Landro (sax), Elisabeth Breistein Leganger (kornett), Anne Kristine Turøy (Trompet/ Flygelhorn), Bente Dyrøy (Kornett). Eli Johanne Fischer (kornett)

- Solister frå Samarbeidskorpset Sotra Vest/Ulveset: Andrea Hitsøy – Trombone, Kaia Solfjell – Tuba
- Komp: Thomas Lossius (bass), Erlend Gjøen (bass), Knut Erling Gammelsæther (trommer)

Barne- og tweenskorarbeid

I Landro barnekore er det 13-20 barn fra 5 år til og med 4. klasse (for barn fra 1. klasse til og med 4. klasse). Koret samarbeider tett med Landro tweenskor, som i 2021 bestod av 3-4 jenter i 7. og 8. klasse (for barn fra 5. til og med 8. klasse). Begge kora øver kvar tysdag. Barnekoret frå 17.30 til 18.25, og Tweenskoret frå 18.35 til 19.30

Kantor Eline Olsen er dirigent, pianist og leiar for begge kora. Eivind Kausland Lie spelar piano, dirigerer og held andakt annakvar veke, og Cecilie Borsholm Vik dirigerer annakvar veke.

1. juni hadde vi koseavslutning i Landro kyrkje, med rebusløp, song, adjektivlek, andakt og kahoot.

«Landro songoktett + ein»

Koret består av: Laila Linde Lossius, Kristine Angeltveit, Anita Leganger, Bodil Lee Øksnes Espedahl, Esther Einarsen, Eivind Kausland Lie, Lars Erik Lotsberg, Øyvind Heggholmen og Jarl Heggernes. Koret syng salmar og songar i «Bedehus-stil», og i pop- / gospel- / jazz- og latin-stil.



Medarbeidarane i Landro sokneteamb:

Medarbeidar	Stilling
Bjarte Nese	Sokneprest
Rannveig Vestbøstad Vik	Soknetamleiar og leiar av seksjon for barn og unge
Eline Olsen	Kantor
Line Steinsland Mosnes	Administrasjonskonsulent
Kari Bruke-Romarheim	Trusopplæringsleiar
Eivind Kausland Lie	Kyrkjelydsarbeidar
Janesh Amenya	Kyrkjegardsarbeidar/ Kyrkjetenar
Vegard Lynglund	Kyrkjegardsarbeidar/ kyrkjetenar
Maria Wergeland	Diakonimedarbeidar
Torunn Nateland Utvær	Ungdomsarbeidar (vikar)

Årsrekneskap for Landro sokneråd 2021

Landro sokneråd har lagt bak seg enno eit annleis år. Både inntekter og utgifter ligg ein under det som var budsjettert for året. Soknerådet går likevel samla sett med eit overskot på kr. 21 551,-

Landro sokneråd har hatt kr 144 728,- i utgifter og kr. 165 874,- i inntekter. Dette gjev eit positivt resultat før finansieringstransaksjonar og avsetjingar til fond på kr. 21 446,- . Landro sokneråd set av kr. 14 561,- til Disposisjonsfond Landro sokneråd. Etter dette er det eit overskot på kr 21 551,- som kan setjast inn på soknerådet sitt disposisjonsfond.

Vi vil rette ein stor TAKK til alle som har støtta Landro sokneråd på mange ulike måtar i 2021.

